

**Fra:** Hardangerviddatunnelene (post@hardangerviddatunnelene.no)

**Sendt:** 07.03.2018 13:06:03

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Fylkesordfører; Buskerud Fylkeskommune; Fylkesordfører Buskerud

**Kopi:** Anved Johan Tveit; Petter Rukke; Hans Petter Thorbjørnsen; Solfrid Borge; Anne Lise Bleie; Erik Kaupang; Thorhold Bergaplass; Inger-Britt Vindegg

**Emne:** KVU Rv 7 Hardangervidda - Korte tunellar - Start med Lågehætunellen.

**Vedlegg:** Pressemelding frå Hardangerviddatunnelene AS 01.03.2018.pdf;Uttale frå HVT til KVU Rv.7

Hardangervidda - Ny høyring.pdf;Kart K2 Bilde .jpg;Diagram og statistikk 2017 Fjellovergangar i SørNoreg.docx  
Gode Fylkesordførar.

Hardangerviddatunnelene AS er eit selskap eigd av 6 kommunar knytt til Rv 7 Hardangervidda. Målet for selskapet er å arbeida for vintersikker heilårsveg over Rv 7 Hardangervidda ved bygging av tunellar. RV 7 bestemt å vera Hovudveg aust-vest for reiseliv og persontrafikk og rv 52 for næringstrafikk.

Styret tilrår snarast å byrja tunellarbeidet og starta med Lågehætunellen mellom Halne og Skulevika. Denne er i prioritet 2 i tilrådinga frå Statens vegvesen.

Styremøtet den 1. mars 2018 send med dette ut vedlagde pressemelding til dykkar vitande. Vonar denne informasjonen er nyttig og ber om at dette vert lagt fram som melding til Fylkestinga i Hordaland og Buskerud til orientering.

Vonar også at begge fylka vil gje uttale til KVU rv7 Hardangervidda i samband med høyring til 1. april. Vedlagt høyringsfråsegn frå styret i Hardangerviddatunnelene AS.

Vedlagt også statistikk for Årsdøgnstrafikken for Fjellovergangane i SørNoreg og diagram som viser utviklinga av trafikken frå 2012-2017 , samt eit kart frå Statens vegvesen som viser Konsept 2 (K2) korte tunellar i KVU for Rv 7 Hardangervidda av 2015.

For meir informasjon kontakt underteikna eller eit av styremedlemmene.

For Hardangerviddatunnelene AS

Leiv Vambheim -dagleg leiar

tlf 90944980